



NATURVERNFORBUNDET I SØR-TRØNDELAG

Sandgata 30, 7012 Trondheim

Tlf. 73 51 52 24 Fax 73 51 27 27 e-post sortrondelag@naturvern.no 15.08.2012

Olje- og Energidepartementet
Norges Vassdrags og Energidirektorat
v/NVE
nve@nve.no

Klage på konsesjon - Frøya Vindkraftanlegg, Svarthammaren vindkraftanlegg, Geitfjellet vindkraftanlegg, Remmafjellet vindkraftanlegg og 420 kV line Storheia - Trollheimen.

Vi viser til konsesjonsvedtak frå NVE til desse anlegga, med klagefrist 15. august 2012, og klagar med dette på alle vedtaka.

Vi sluttar oss til vedlagde klage frå Forum for Natur og Friluftsliv, og ber Departementet om å trekke attende konsesjonane på grunnlag av dei urimeleg store konsekvensane for natur og landskap som følgjer av vindkraftanlegga med kraftline.

Vi viser vidare til våre tidlegare innsendte høyringsuttalar til desse anlegga og til klagane frå Naturvernforbundet i Orklaregionen på Svarthammaren og Remmafjellet.

Vi vil i tillegg fremja følgjande argumentasjon og utdjupingar:

Konsesjonsvedtaka er i strid med Naturmangfaldlovas §12

I vedtaka for vindkraftanlegga er det ikkje gjennomført ei grundig vurdering med henvising til §12 i Naturmangfaldlova av alternative og meir miljøvennlege tiltak for å oppnå den same fornybare kraftmengda. Konsesjonsvedtaka har dermed ikkje oppfylt krava i gjeldande lovverk og må opp til ny handsaming. Vi viser her til nærare gjennomgang av dette i klagen frå FNF.

Brot på Nasjonale retningsliner for lokalisering av vindkraft

Nasjonale retningsliner for lokalisering og planlegging av vindkraftanlegg seier at ein generelt sett skal arbeide for å oppfylle nasjonale målsettingar om å stanse tapet av INON-område, og at det i tillegg er svært stor konflikt dersom ein byggjer ned INON-område som er samanhengande frå fjord til fjell.

Alle anlegga som har fått konsesjon medfører vesentleg tap av INON-område og er slik sett i strid med dei nasjonale retningslinene.

Svarthammaren/ Pállifjellet og Geitfjellet medfører i tillegg tap av INON-område som er klassifiserte med «Svært stor konflikt».

Det er også grunn til å peike på at ei vesentleg årsak til tapte INON-område i Snillfjord er kraftleidninga frå Krokstadøyra i retning Engvikfjellet og kraftleidninga ved Geitfjellet til smelteverket på Holla. Ei omlegging av desse kraftlinene er aktuelle tiltak i arbeidet med å restaurere tidlegare tapte INON-område, og vil også utvide INON-område i kategorien 3-5 km frå næraste større inngrep. Dersom ein tek med dette potensialet for restaurering av INON-område, må ein vurdere ei eventuell utbygging av Svarthammaren/ Pállifjellet og Geitfjellet som enno meir alvorleg når det gjeld tap av viktige INON-område.

Naturvernforbundet i Sør Trøndelag har hatt ein gjennomgang av alle vindkraftanlegga som Trønderenergi er engasjert i (vedlagt), og av 12 anlegg, er 10 anlegg lokalisert til område som dei nasjonale retningslinene seier at ein skal unngå på grunn av tap av INON-område. Frøya vindkraftanlegg er eit av desse, og viser at tap av INON-område ikkje er eit tema når Trønderenergi engasjerer seg i vindkraft.

Vi vil hevde at hovudårsaka til at energiselskapa ikkje vurderer alternativ lokalisering, er at NVE gjennom mange konsesjonsvedtak har vist at ein ikkje prioriterer å unngå tap av INON-område.

Dersom konsesjonsvedtaka for Frøya og Snillfjord blir ståande, så bekreftar NVE inntrykket av det ikkje er viktig for energiselskapa å unngå tap av INON-område i arbeidet med lokalisering av vindkraftanlegg. Denne signaleffekten er særst uheldig, og ei oppheving av konsesjonsvedtaka vil bidra til at kraftselskapa vil arbeide for å unngå INON-område ved planlegging av vindkraftanlegg, i tråd med Nasjonale retningslinjer for lokalisering av vindkraft.

Vindkraft som naturinngrep

For Svarthammaren vindkraftanlegg har NVE følgjande i konsesjonsvurderingane:

«De største negative virkningene av tiltaket er etter NVEs vurdering knyttet til naturmangfold og inngrepsfrie naturområder (INON). Samtidig anser NVE de negative virkningene som små sammenlignet med andre vindkraftprosjekter i Norge.»

Vi ser dette som ei grunnleggjande feil vurdering. På nasjonalt plan er det stilt høge mål for å stanse tapet av INON-område og tap av naturmangfald. Tap av store samanhengande leveområde er noko av det mest kritiske for mange artar, og vi reagerer når NVE framstiller det som om det ikkje er så farleg med det biologiske mangfaldet og tap av INON når det er verre andre stader (det er forøvrig også NVE som har gjeve konsesjon for desse andre anlegga).

Det er nettopp det samla tapet av INON-område og påverknad på det biologiske mangfaldet som er avgjerande, summen av alle inngrepa gjennom vindkraftanlegg og andre inngrep, også dei små inngrepa, som til saman blir enorme. Riksrevisjonen greip tak i akkurat dette i dokument nr. 3:11 (2006 –2007) då dei fremma ein knusande kritikk av arealforvaltninga med følgjande konklusjon: «Dagens arealforvaltning bidrar til en nedbygging av områder som Stortinget har vektlagt skal ivaretas.»

Som sektorstyresmakt har NVE eit ansvar for å følgje opp nasjonale mål for arealforvaltning og naturmangfald. Dei vurderingane som NVE har gjort i desse konsesjonssakene viser etter vår oppfatning ei grunnleggjande feilaktig forståing av korleis inngrep påverkar naturmangfaldet, og ein manglande vilje til å følgje opp nasjonale mål for arealforvaltning og naturmangfald.

Når det gjeld verknad for naturmangfaldet, vil vi i tillegg til virkninga for fugl og flaggermus også leggja vekt på at det blir gjennomført ei oppstykking og drenering av naturområdet gjennom omfattande veganlegg. Også etter at utbygginga er over, blir det stor menneskeleg aktivitet for drift og vedlikehald.

Eit vindkraftområde er difor i stor grad tapt som naturområde og leveområde for mange artar – det er eit industriområde for produksjon av energi.

For Snillfjord dreier dette seg om ca 20% av kommunens landareal og representerer eit ekstremt naturinngrep. Vi kan ikkje sjå at dette i tilstrekkeleg grad er vektlagt i konsesjonsvedtaket.

Geitfjellet

Om Geitfjellet skriv NVE:

1. «De viktigste negative virkningene av Geitfjellet vindkraftverk er etter NVEs vurdering knyttet til fugl, og de visuelle virkningene for landskap, enkelte kulturmiljø og friluftsliv i influensområdet.»
2. «Etter NVEs vurdering er bortfall av INON på ca. 17 km², inkluderer et mindre område "fra fjord til fjell", også en negativ virkning som er vektlagt. NVE har også vurdert INON i planområdene ut i fra at det ikke er snakk om ett sammenhengende INON område, men at

eksisterende 132 kV kraftledning allerede deler det i to.»

Vi ser det slik at 17 km² er eit stort tap av INON-område, og vil i tillegg vise til at ei omlegging av 132 kV kraftleidninga frå Krokstadøra til Holla smelteverk er eit aktuelt tiltak for å restaurere tapte INON-område, og i dette tilfellet får ein då eit større, samanhengande INON-område frå «fjord til fjell».

Nasjonalt er det ei målsetting å restaurere tapte INON-område, seinast omtalt i Statsbudsjettet for 2012. Mange stader er det komplisert å gjennomføre ei restaurering. I dette tilfellet vil vi hevde at det er eit realistisk tiltak å restaurere dette tapte INON-området gjennom ei omlegging, eller fjerning av 132 kV lina gjennom ei revisjon av nettet.

Det er difor vesentleg også å ta med potensialet for restaurering når ein vurderer det totale tapet av INON-område gjennom utbygging av Geitfjellet. Med ei slik vurdering blir det samla tapet av INON-område ca 24 km², samanhengande frå fjord til fjell, eit karakterisert med «Stor konflikt» i Nasjonale retningsliner for lokalisering av vindkraftanlegg.

Vi ber om at potensialet for restaurering av INON-område i Geitfjellområdet blir teke med i vurderinga når klagen på konsesjon blir handsama.

Subsidiære standpunkt

Vårt prinsipale standpunkt er at alle konsesjonane må bli avviste.

Subsidiært ønskjer vi å fremje nokre konkrete krav dersom det blir utbygging.

1. Det blir sett fast bom på alle vegar inn i områda, slik at vegnettet berre blir ope for arbeid på anlegga. Vi ønskjer med dette å redusere graden av menneskeleg aktivitet i området og dermed bidra til å redusere den negative påverknaden på naturmiljøet.
2. Fjerne enkeltturbinar i tråd med krav frå Snillfjord kommune og Naturvernforbundet i Orklaregionen.

Beste helsing

Mads Løkeland
Naturvernforbundet i Sør Trøndelag
95056726
Mads.loekeland@gmail.com

Vedlegg:

- Klage frå FNF i Sør Trøndelag.
- Brev til Trønderenergias aksjonærar om brot på nasjonale retningsliner for lokalisering av vindkraft